

REFERAT FRÅ STYREMØTE

Tysdag 17.03.15, 17.00-18.30 på Skrivekunstakademiet

Til stades: Børge Lunde, Solveig H. Uppheim, Rasmus Rasmussen, Annette Mattsson, Jørgen Sejersted, Tormod Haugland, Joanna Lundberg

SAKSLISTE

- Sak 08/15 Godkjenning av innkalling og saksliste**
Innkalling og saksliste vart godkjent.
- Sak 09/15 Godkjenning og signering av referat frå førre møte**
Referat frå styremøtet 03.02.15 vart godkjent og signert.
- Sak 10/15 Godkjenning av rekneskap for 2014**
Rekneskap for 2014 vart godkjent
- Sak 11/15 Godkjenning av årsmelding for 2014**
Årsmelding for 2014 vart godkjent
- Sak 12/15 Tilsettingsform dagleg leiar**
Styret vedtok samrøystes at Skrivekunstakademiet vil behalda åremålstilsetjing for akademileiar. Vedtektene skal endrast til at åremålsperioden er seks år. Det innarbeidast eit åremålstillegg på kr. 30.000,- for kvart år i åremålet som kjem på toppen av ordinær lønn.
- Sak 13/15 Permisjon kontorfullmektig**
Styret vart orientert om søknad om permisjon frå kontorfullmektig Kjersti Rorgemoen. Administrasjonen utlyser og tilsett i vikariat.
- Sak 14/15 Neste møte**
Dato vart ikkje fastsett, men vi var sams om at det er naudsynt å ha minst eitt møte til i vårsemesteret. Innkalling kjem etter saksførebuingar.
- Sak 15/15 Ymse**
Styret vil ha ein gjennomgang av tilsetjingsform for lærarstaben. Til neste styremøte førebur dagleg leiar sak med alternativ til noverande praksis med 2-årige åremål.

Referent: Rolf Enger, 27.03.15